

# Strategi for Fagskolen i Hordaland 2018-2023

## Visjon

*Nyskapande og berekraftig*

## Verdiar

*Kompetent – open – modig*

## Innleiing

Styret for Fagskolen i Hordaland vedtok 28.09.2018 ein strategi for fagskulen, og deretter vart denne konkretisert til ein meir kortfatta strategi 24.01.2019. Etter vedtak av strategi er det gjennomført store organisatoriske endringar gjennom regionreforma der Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart slått saman til Vestland fylkeskommune. Vidare har fylkestinget vedteke at Fagskolen i Hordaland og Fagskolen i Sogn og Fjordane skal slåast saman 01.01.2022 til éin stor fagskule i Vestland. På bakgrunn av dette vidareførast denne strategien i ein revidert versjon fram til det vert utvikla ein ny for den komande Fagskolen i Vestland. Styret for fagskulen har også gjeve signal til fagskulen om at skulen skal søkje akkreditering for teknisk fagområde innan 1. november 2020, og på bakgrunn av dette er det utvikla ein eigen strategi for det tekniske fagområdet som er underlagt denne hovudstrategien for 2018-2023.

## Organisasjon og administrasjon

### Mål

**Fagskolen i Hordaland skal vere ein attraktiv og høg-kompetent arbeidsplass som er rusta til vidare vekst og utvikling som utdanningsinstitusjon.**

Fagskolen i Hordaland har gjennom ein lengre omstillingsperiode med samanslåingar over fleire år vakse til å bli ein av landets største fagskular. Parallelt har det føregått ein sentralt styrt prosess med å løfta fagskulenivået til sin rettmessige plass i utdanningssystemet, og fagskuleutdanning vert no definert som høgare yrkesfagleg utdanning. Dei store endringane som har gått føre seg dei siste åra, set nye og høge krav til drift av skuleslaget, og ein fagskule skil seg meir og meir frå ein vidaregåande skule, både administrativt og i høve til undervisningsform.

Vidare vekst og utvikling i fagskulen stiller krav til ressursar til utvikling av nye studieplanar, revidering av eksisterande utdanningar, samt prosjektutvikling for å knyte til seg ressursar som til dømes utviklingsmidlar til fagskulesektoren. Desse prosessane er ressurskrevjande både i høve til økonomi og personale.

For at fagskulen skal kunne fortsette å vekse og utvikle seg, er det naudsynt at ein tek omsyn til dette skuleslaget når det gjeld vurdering av administrativ kapasitet og rekruttering av undervisningspersonell.

## Undervisning og undervisningsmodellar

### Mål

**Fagskolen i Hordaland skal vere ein attraktiv utdanningsinstitusjon for studentar og arbeidsliv lokalt, regionalt og nasjonalt.**

Fagskulen sin hovudaktivitet er undervisning for studentar med yrkesfagleg bakgrunn. Fagskulen har starta pedagogiske utviklingsprosjekt innan e-pedagogikk og bruk av digitalt undervisningsutstyr, og skal fortsette å arbeide med dette i tida framover. Fagskulen skal vere framtidsretta og ha høg kvalitet i utdanninga med tilfredse studentar og arbeidsliv. Dette stiller krav til at pedagogisk utviklingsarbeid går føre seg kontinuerleg. Utvikling og utprøving av nye undervisningsformer er sentralt både for pedagogisk utvikling og arbeidslivstilpassing. Skulen må samtidig som det vert arbeidd med pedagogisk utvikling, arbeide med å leggje til rette for at fleire kan kombinere skule og jobb for å imøtekome lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov.

Vidare er det viktig med sterke samarbeidsrelasjonar med høgskular for å fortsette arbeidet med gode overgangsordningar for fagskulestudentar. Studentar og arbeidsliv bør i liten grad møte hinder i utdanningssystemet i høve til kompetanseutvikling. Tett samarbeid med høgskule- og universitetssektoren kan også bidra til å løfta eigen institusjon.

## Nye utdanningar

### Mål

**Fagskulen skal utvikle nye framtidsretta utdanningar etter arbeidslivet sitt behov, og på den måten vere ein regional utviklingsaktør.**

Fagskulen søkte 1. november 2018 om fagområdeakkreditering innan områda Bygg og anleggsteknikk og Elektro. Ei fagområdeakkreditering gir fagskolen moglegheit til å utvikle nye utdanningar, eller gjere vesentlege endringar innan det aktuelle fagområde utan å søkje akkreditering hjå NOKUT. Ei fagområdeakkreditering vil såleis gje fagskulen eit større handlingsrom for å utvikla nye utdanningar, og på nye måtar enn før. Fagskulen har flest utdanningar med eit omfang på 120 studiepoeng (stp), og nokre utdanningar på 60 stp. Gjennom den fleksibiliteten ei fagområdeakkreditering gir, kan fagskulen vurdere ei rekkje nye utdanningar med ulikt omfang og på ulikt nivå. 01.11.2020 skal fagskulen søkje akkreditering for teknisk fagområde.

Endringane i fagskulelova og pågåande prosessar for å endre lovverk for å skape enda større fleksibilitet i utdanningane opnar opp for nye måtar å utvikle utdanningar på. Døme på dette er at ei fagskuleutdanning no kan byggje på ei anna fagskuleutdanning, medan det tidlegare var slik at all fagskuleutdanning skulle byggje på vidaregåande utdanning.

På bakgrunn av dei nemnte endringane og ei framtidig fagområdeakkreditering kan fagskulen treffe endå fleire næringer enn tidlegare med riktige kompetansehevande tiltak. Fagområde, næringer og sektorar som fagskulen vil arbeide spesielt mot dei neste åra er:

- Fornybar energi og det grønne skiftet
- Helsefag
- Havrommet
- Digitalisering

I tillegg til utdanningar innan nye næringer og utdanning innan digitalisering er det viktig å arbeide med å implementere digitalisering meir i eksisterande utdanningar. Fleire og fleire næringer utviklar digitaliserte og automatiserte arbeidsprosessar, og framtidens fagskulekandidatar må ha god digital kompetanse.

Fagskulen som regional utviklingsaktør er i tråd med Vestland fylkeskommune sin Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, og Kompetansereforma «Lære hele livet» vil skape enda større etterspurnad etter fagskuleutdanning.

## Nettverk og viktige fora

### Mål

**Fagskulen skal aktivt delta i nettverk og viktige fora for å vere ein sentral aktør knytt til både fagleg og institusjonell utvikling av sektoren.**

Fagskolen i Hordaland er representert i Rådet for offentlige fagskoler (RFF), Nasjonalt utvalg for teknisk fagskole (NUTF), Nasjonalt fagskoleråd (NFR), Bergen næringsråd og Kompetanseforum Vestland. Fagskolen i Hordaland er ein av dei største fagskulane i landet og kan gjennom deltaking i slike nettverk, råd og fora vere ein viktig aktør i det vidare utviklingsarbeidet av sektoren som skuleslag og nye kompetanseområde.

Deltaking og samarbeid i næringsklynger er også viktig og gjer det mogleg for pedagogisk personell og studentar, på ein kosteffektiv måte, å knyte nettverk med dynamiske innovasjonsmiljø og få tilgang på ny teknologi. Fagskolen i Hordaland har som mål at klyngesamarbeid skal vere ein viktig del av skulen sitt pedagogiske utviklingsarbeid og utvikling av studieplanar.

## Etter- og vidareutdanning

### Mål

**Fagskulen skal vere ein attraktiv leverandør av etter- og vidareutdanning i landet.**

Etter- og vidareutdanning (EVU) er etterspurt i regionen, og fagskulen har eit stort og uforløyst potensiale i å tilby eit stort spekter av slike tilbod. Fagskulen må utvikle organisasjonen og etablere ein profesjonell modell for EVU.

Vidareutvikling av etter- og vidareutdanning i regionen er også i tråd med fylkeskommunen sin regionale plan for kompetanse og arbeidskraft. Arbeidslivet har ulike kompetansebehov både i høve til formal og ikkje-formal utdanning. Fagskulen har også moglegheit til å kunne markere seg nasjonalt med EVU, spesielt med bakgrunn i skulen sin digitale satsing.

Eit større EVU-tilbod ved Fagskolen i Hordaland vil også bidra til større fagmiljø og kompetanseutveksling med arbeidsliv og andre utdanningsinstitusjonar, som igjen bidrar til vidare fagleg utvikling av skulen. For å utvikle eit større EVU-tilbod må fagskulen allokere ressursar til slik aktivitet og sette tydelege mål for inntening til å dekkje både vidare utvikling av tenesta, i tillegg til å bidra til investeringar og vedlikehald av utstyr.